

ÅRSMELDING 2024

KONTROLLUTVALET I SEL KOMMUNE

Årsmeldinga er vedtatt av kontrollutvalet 18. februar 2025

Innhald

- | | |
|--|---------------|
| 1. Innleiing | side 2 |
| 2. Kontrollutvalet | side 2 |
| 2.1. Ansvar, mynde, rammer | |
| 2.2. Samansetning | |
| 2.3. Møter og saker | |
| 2.4. Kontrollutvalets ressursar | |
| ○ Sekretariat | |
| ○ Revisjon | |
| ○ Økonomi for kontroll og revisjon | |
| 3. Kontrollutvalets aktivitet i 2024 | side 5 |
| 3.1. Regnskapsrevisjon og kontroll med økonomiforvaltninga | |
| 3.2. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | |
| 3.3. Oppfølging av vedtak etter revisjon | |
| 3.4. Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen | |
| 3.5. Samordning av kontroll og tilsyn | |
| 3.6. Orienteringar | |
| 3.7. Verksemdsbesøk | |
| 3.8. Førespurnadar og innspel | |

1. Innleiing

"Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret." ¹

Kommunestyret får rapport om kontrollutvalets aktivitet i 2024 gjennom denne årsmeldinga, og den kjem i tillegg til rapportar, planer og møteprotokollar gjennom året.

Kontrollutvalet hadde stor aktivitet føregåande år, m.a. opplæring for å bli kjent med utvalets ansvar og kommunens verksemd, utarbeide risiko- og vesentlegvurding og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det har vore stort engasjement med vurderingar og gode drøftingar i desse sakene.

Kontrollutvalet meiner at utvalets arbeid bidreg til å styrke tilliten til kommunen, og vil takke kommunestyret og administrasjonen for samarbeidet.

2. Kontrollutvalet

2.1 Ansvar, mynde og ramme

"Kontrollutvalget er kommunestyrets eget redskap for demokratisk innsyn og kontroll. En velfungerende egenkontroll styrker innbyggernes tillit til kommunen og er viktig for å sikre effektiv og rett bruk av ressursene. Kontrollutvalget er avgjørende for å oppnå en velfungerende egenkontroll i den enkelte kommune." ²

Kontrollutvalet fører kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyre, og utfører sitt arbeid etter kommuneloven § 23 og forskrift om kontrollutval og revisjon. Utvalet har som mål å bidra til at innbyggerane har tillit til kommunens eigenkontroll.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver blir utført:

- Regnskapsrevisjon – påsjå at kommunens regnskap blir revidert på ein trygg måte, gje uttale om årsregnskapet og påsjå at revisors påpekningar blir fulgt opp.
- Forvaltningsrevisjon – utarbeide plan for forvaltningsrevisjon basert på risiko- og vesentlegvurdering, følgje opp planen gjennom bestilling av prosjekt og rapportere resultatet av revisjonen til kommunestyret.
- Eigarskapskontroll – utarbeide plan for eigarskapskontroll, følgje opp planen gjennom å bestille kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskaper og rapportere resultatet til kommunestyret.
- Vedtak – påsjå at kommunestyrets vedtak om revisjonsrapportar blir fulgt opp.
- Budsjett – utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet kan ta opp eitkvart høve ved kommunen sin verksemd og gjere dei undersøkingar som utvalet finn naudsynte, for å utføre sin kontrollfunksjon på vegner av kommunestyret. Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar. Det har ikkje mynde til å fatte enkeltvedtak og er heller ikkje noko klageorgan for forvaltningsvedtak.

¹ Kommuneloven § 23-5

² NKRF – opplæring av kontrollutvalg 2023

2.2 Samansetning

<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
Jørund Båtstad, AP (leiar)	Ove Ruud, AP
Eli Marie Stormyrenge, AP (nestleiar)	Elin F. Martinussen, AP
Knut O. Bakken, SV	Per Ove Haugaløkken, SV
Freddy Bagge, SP	Jon Magne Moldal, SP
	Nicolai Stubbrud, SP
Maj-Britt Svastuen, SP	Anita Tofte, SP
	Gro Sandbu Randen, SP

Freddy Bagge er valgt blant kommunestyrets medlemmer.

2.3 Møter og saker

Møteinnkalling og møteprotokoll blir offentliggjort på sekretariatets heimeside.

Møter er ope. Ordførar og revisor har møte- og talerett i kontrollutvalet. Ordførar har vore til stades på 3 møte. Revisor har delteke på 4 møter. Utvalet kan kalle inn kommunedirektør eller andre. Kommuneadministrasjonen har delteke på 6 møter. Gruppleiarar deltok på 1 møte for å gje innspel til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

For å skape felles forståing av roller og ansvar og bygge god samhandling, hadde kontrollutvalet dialogmøte med ordførar og kommunedirektør 8. februar.

Kontrollutvalget hadde 7 møter i løpet av 2024 og handsama totalt 30 saker.

Faste saker gjennom året er: Uttale til kommunens rekneskap, resultat frå forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga, årsmelding for kontrollutvalet, årsavregning frå revisjonen, revisors eigenvurdering, oppdragsavtale med revisjonen, overordna revisjonsstrategi, budsjettforslag samt orienteringar, protokoll og referatsaker.

Særskilte saker i 2024 var: Risiko- og vesentlegvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll samt rutiner for handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har oversendt 5 saker til kommunestyret:

1. Uttale til årsregnskapet
2. Forvaltningsrevisjonsrapport - NGR
3. Eigarskapskontroll - NGR
4. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028
5. Budsjettforslag for kontroll og revisjon

Eitt møte var felles for kontrollutvala i 6K med presentasjon av rapportar frå forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av NGR samt fleire orienteringar.

Medlemmene i kontrollutvalet har gjennom året fått tilbod om opplæring og fagleg samarbeid gjennom NKRF og FKT. Det var ein felles opplæringsdag i januar for kontrollutvala i 6K samt noko opplæring i det einskilte kontrollutvalet.

2.4 Kontrollutvalets ressursar

Sekretariat

Dei seks kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja har felles sekretariat, Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG).

Sekretariatet utgreier saker for kontrollutvalet, bistår utvalet i praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, utfører oppgaver på vegner av utvalet og følger opp vedtak. Sekretariatet er bindeleddet mellom kontrollutvalet og revisjonen.

Sekretariatet har ein 100 % stillingsheimel. Elin Marit Andgard var vikar i 80 % stilling t.o.m. 30.9 og fast tilsett i 100 % stilling f.o.m. 1.10.24.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet KO har vore settesekretariat i sakene om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS.

Revisjon

Kommunen er medeigar i Innlandet Revisjon IKS saman med 25 andre kommunar, inkl. fylkeskommunen. Selskapsavtale er vedtatt av kommunestyret og kontrollutvalet inngår årleg oppdragsavtale med revisjonen på vegner av kommunen.

Innlandet Revisjon IKS leverer samtlige revisjonstenester til kommunen. Dette skjer til sjølkost og i samsvar med lover, forskrifter og anerkjente standardar.

	Oppdragsavtale	Ressursbruk 2024
Regnskapsrevisjon	640 timar	543 timar
Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	270 timar	271 timar
Møter i kontrollutval og kommunestyre	24 timar	18 timar
Sum	934 timar	832 timar

Økonomi for kontroll og revisjon

For å kunne utføre den lovpålagte kontrollfunksjon på ein god måte, er det viktig at kontrollutvalet har tilstrekkelege ressursar. Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll og revisjon som omhandlar kontrollutvalets drift, sekretariat og revisjon.

Mengde revisjonstenester vil variere frå kalenderår til kalenderår, i hovudsak ut frå bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll - som er basert på risiko- og vesentlegvurdering. I 2024 er det gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll som fellesprosjekt i 6K samt ein forvaltningsrevisjon pr. kommune.

	Utvalets forslag	Budsjett-24	Ressursbruk
Kontrollutvalets drift	84.000 kr	67.992 kr	62.830 kr
Sekretariat	160.800 kr	160.000 kr	181.597 kr
Revisjonen	1.467.750 kr	1.146.000 kr	1.101.841 kr
Sum	1.712.550 kr	1.373.992 kr	1.346.268 kr

Utgifter for SKNG var kr 1 089 582 i 2024 og blir fordelt med 1/6 på kvar kommune, som er kr 181 597. Inkludert i SKNGs utgifter er felles opplæringsdag og eitt fellesmøte.

3. Kontrollutvalets aktivitet i 2024

3.1 Regnskapsrevisjon og kontroll med økonomiforvaltninga

*"Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte og at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak."*³

Kontrollutvalet har utført dette ansvaret gjennom følgende kontrollhandlingar:

- Gjeve uttale til kommunens årsregnskap og årsmelding (18. april sak 9/24). Revisjonsmelding var utan førehald og gjeve innan fristen. Utvalets uttale til årsregnskapet vart oversendt kommunestyret med kopi til formannskapet. Utvalets uttale og revisjonsmelding var vedlagt til kommunestyrets handsaming.
- Handsama rapport frå forenkla etterlevelsekontroll på økonomiområdet (5. desember sak 29/24). Tema for kontrollen i 2024 var oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer. Revisjonen er utført i samsvar med kommuneloven. Attestasjonen er gjeven innan fristen saman med eit nummerert brev.
- Handsama eit nummert brev i tilknytning til forenkla etterlevelseskontroll. Utvalet har vedtatt å be om oppfølging i form av orientering frå administrasjonen våren-2025.

Sjå også pkt. 3.4 om kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen.

3.2 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

*"Kontrollutvalget skal påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet, og av selskaper kommunen har eierinteresser i, samt påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper m.v (eierskapskontroll)."*⁴

*"Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering."*⁵

*"Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem."*⁶

Kontrollutvalet vedtok 13. juni sekretariatets forslag til risiko- og vesentlegvurdering (sak 13/24) og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 17. oktober (sak 20/24). Planen var ikkje handsama av kommunestyret pr. 31.12.24, men er satt opp på kommunestyrets sakliste 17.2.2025.

Forvaltningsrevisjonar i 2024

- Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS: Kontrollutvalet handsama rapporten 16. september (sak 16/24). Kommunestyret vedtok 16.12.24 kontrollutvalets innstilling.
- Informasjonstryggleiken i kommunen: Rapporten vart sendt til kommunedirektør til høyring 19. desember og blir handsama i utvalets første møte i 2025.

³ Kommuneloven § 23-2, bokstav a og b

⁴ Kommuneloven § 23-2, bokstav c og d

⁵ Kommuneloven § 23-3 andre ledd og § 23-4 andre ledd

⁶ Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4

Eigarskapskontrollar i 2024

- Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS: Rapporten vart handsama av kontrollutvalet 16. september (sak 17/24). Kommunestyret vedtok 16.12.24 kontrollutvalets innstilling.

3.3 Oppfølging av vedtak etter revisjon

"Kontrollutvalget skal påse at vedtak som kommunestyret treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp." ⁷

Når kontrollutvalet har handsama revisjonsrapportar i 2024, har det med eit punkt om attandemelding/rapportering til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har følgd opp forvaltningsrevisjonsrapport nr. 8-2022 - Helsesamarbeid NGLMS med orienteringar frå kommunedirektørane i Vågå, Sel og Skjåk i fellesmøtet for 6K den 16. september. Utvalet vil følge opp tilrådingar i tidlegare forvaltningsrevisjonsrapportar med å be om orientering på gjennomførte tiltak og status i løpet av våren-25.

3.4 Kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor revisjonen

"Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte, at regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor og at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3." ⁸

Kontrollutvalet har gjennomført dette såleis:

- Løpande dialog med revisjonen gjennom året om revisjonsarbeidet.
- Orienteringar frå oppdragsansvarleg regnskapsrevisor om revisjonsarbeidet, revisjonsmelding for årsregnskapet, resultat av forenkla etterlevelsekontroll og revisors overordna revisjonsstrategi med risikovurdering.
- Handsama eige sak om utvalets "påsja-ansvaret" generelt som også inkluderer påsjå-ansvaret overfor revisjonen.
- Inngått oppdragsavtale på vegner av kommunen.
- Handsama tertialvis rapportering frå revisjonen.
- Handsama eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit m.m.
- Dialog og "løypemeldinger" vedr. forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

3.5 Samordning av kontroll og tilsyn

"Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Kontrollutvalet bør innhente tilsynsrapportar og halde seg orientert om kommunedirektørens si oppfølging av eventuelle lovbrøt." ⁹

I den nasjonale tilsynskalenderen legg statlege tilsynsaktører inn planlagte og gjennomførte tilsyn og kontrollutvalssekretariatet legg inn forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

⁷ Kommuneloven § 23-2, bokstav e

⁸ Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3

⁹ Kontrollutvalgsboka side 77

Kontrollutvalet har bede kommunedirektøren etablere rutiner slik at utvalet er informert om varsel om tilsyn og tilsynsrapportar. Dette kjem i tillegg til kommunedirektørens årlege rapportering til kommunestyret om internkontroll og resultat frå statleg tilsyn.

Utvalet har etter forespørsel fått orientering om gjennomførte tilsyn og resultatet av dei.

3.6 Orienteringar

"Kontrollutvalet kan be kommunedirektøren om å orientere om saker og aktuelle tema i kontrollutvalet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst, eller om det er behov for yttarlegare oppfølging og undersøking." ¹⁰

Kontrollutvalget har i 2024 fått orientering om følgjande tema:

- Kommunens internkontroll, inkl. framdriftsplan og status for revidering
- Kommunens rutiner for budsjettoppfølging
- Organisasjonsanalyse og igangsatt prosess for bærekraftig økonomi
- Innsparingsprosess
- Barnevern
- Reglement; status og plan for revidering
- Tilsyn 2024 med resultat og lukkeplan
- Status Otta brygge

Orienteringar i fellesmøtet 16. september:

- Kontroll av interkommunalt samarbeid
- Kontrollutvalets oppfølging av forvaltningsrevisjon av NGLMS
- Viljeserklæring og Håndbok for InSam
- Barnevernvakt og PPT i 6K
- Varsling – om lovverk, definisjoner, rutiner og kontrollutvalets rolle

Kontrollutvalet vil takke kommuneleiinga for grundige og nyttige orienteringar

3.7 Verksemdsbesøk

"For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan utvalet vitje ulike kommunale verksmeder. Dette kan også omfatte kommunale føretak og selskap." ¹¹

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført verksemdsbesøk i 2024.

3.8 Førespurnadar og innspel

"Kontrollutvalet skal handsame saker knytta til revisjon og eigarskapskontroll, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å ta hand om det løpande kontrollansvaret. Kontrollutvalet er difor avhengig av å ta opp saker på eige initiativ og få innspel til saker frå andre." ¹²

Kommunestyret har ikkje pålagt kontrollutvalet oppgåver i løpet av fjoråret.

Kontrollutvalet har ikkje mottatt nokon førespurnad frå andre i 2024.

¹⁰ Kontrollutvalsboka side 32

¹¹ Kontrollutvalsboka side 33

¹² Kontrollutvalsboka side 28